

**eitt nivå lært seg å leva med – ved hjelp av kollegialt samhald, debriefing og gode rutinar.**

**Men han er klar på at han ikkje ville klart å leva med dette om han ikkje samtidig engasjerte seg for å forhindra ulukker.**

**– Alle som jobbar i blålysetatar ser ting som me gjerne skulle vore forutan. Minna sit i. Det er dei merkelegaste ting eg huskar. Det kan vera ei stemme, eit ansiktsuttrykk, ei hand eller eit klesplagg frå nokon som var alvorleg skadde, seier Medaas.**

**Dødsulukkene er nemleg ikkje dei verste. Ei stygg trafikkulukke der involverte ropar og har store smerter, tilfelle der brannmannskapa kjem fram og finn deformerte personar som framleis er i live, tanken på at enkelte blir skadde for livet og får kvardagen snudd på hovudet: Slikt set spor.**

**– Me ser rett og slett kor nådelaus trafikken kan vera. Og ikkje berre i form av alvorlege personskadar eller dødsulukker. Tenk på alle dei ulukkene der det berre er flaks og ørsmå detaljar som gjer at folk slepp uskadde frå det heile. Når ein bil blir delt i to og dei inni krabbar ut i live, då snakkar me om englevakt. Og kor ofte kan ein ha englevakt? spør Medås.**

**"Det skjer ikkje meg" er ein tanke som mange har med omsyn til trafikkulukker. Det er dei andre som kolliderer. Nils Medås sin konklusjon er denne: Nei, det hender oftast ikkje med meg, men i Nordhordland hender det litt oftare enn andre stader.**

**– På E39 og fylkesveg 57 har det i snitt omkomme to personar årleg. I fjor var det berre éin. Likevel er det rett å seia at mange av oss dagleg køyrer i område der risikoen for ulukker er litt større enn mange andre stader. Dermed bør me vera litt flinkare med tryggleik enn andre, seier han.**